

## Utkast til forskrift om endring av minsteareal til 750 da for tildeling av fellingsløyve på hjort i Fitjar kommune. Offentleg høyring

Viltnemnda i Fitjar kommune har vedteke å starta opp ein prosess med å redusera minstearealet for tildeling av fellingsløyve på hjort i Fitjar kommune. Per i dag er minstearealet for tildeling av løyve på hjort i Fitjar kommune 1000 dekar. Viltnemnda har lagt fram forslag til å endra minstearealet til 750 da/dyr. Forskrifta skal gjelda frå og med jakta hausten 2009.

Dagens minsteareal var sett i 2001 av fylkesmannen. Mynde til å fastsetja minsteareal har sidan den gong vorte overført til kommunane, jf. § 5 *Hjorteviltforskrifta*.

Bakgrunnen for å endra forskrifta er at mykje tydar på at hjortestamma i Fitjar kommune og på Stordøya er aukande (sett-hjort, vårteljing og jaktresultat). Dei siste åra har hovudregelen vore å dispensera frå minstearealet. Gjennomsnittet for tildelte løyve i 2008 var om lag 600 dekar per dyr, noko som er godt under ordinær tildeling. I følgje *Hjorteviltforskrifta* kan kommunen ved tildeling av fellingsløyve fråvike minstearealet med inntil 50% ( $\pm$ ). Dispensasjonen kan gjerast for enkelte vald med bakgrunn i grunngjeven søknad. Dispensasjon skal i utgangspunktet vera unntaket. Ved å setja ned minstearealet vil ein vera meir fleksibel og kunna møta utfordringane i dei valda med høg stamme og skadepress på ein betre måte enn ein kan i dag.


Vurdering av minsteareal for tildeling av fellingsløyve på hjort i Fitjar kommune skal vurderast opp mot beitetilhøve, levekår, skadesituasjonen i landbruket, viltpåkjørsler og bestanden sin tettleik, storleik og samansetning.

Fitjar kommune v/viltnemnda vedtok i møte 12. februar 2009 å senda framlegg til endring av forskrift om endring av minsteareal for tildeling av fellingsløyve på hjort i Fitjar kommune. Forskrifta vert sendt til alle valda i Fitjar kommune, nabokommunar og relevante organisasjonar. Papira er også tilgjengelege på kommunen si heimeside på internett: [www.fitjar.kommune.no](http://www.fitjar.kommune.no) og i kundetorget. SFLMK oppmodar valdleiar å ta kontakt med grunneigarar, jegerar og andre relevante for å opplysa om og diskutera høyringsforslaget.

Nærare opplysningar kan du få ved å venda deg til Fitjar kommune v/Stord Fitjar Landbruks- og Miljøkontor.

Mogelege merknader, innspel eller forslag til endringar kan sendast til Stord Fitjar Landbruks- og Miljøkontor, postboks 83, 5418 Fitjar innan 27. mars 2009.

Med helsing

  
Turid Verdøl

  
Ole Kristian Trondsen

Vedlegg:

- 1 Adresseliste
- 2 Møtebok viltnemnda, sak 04/09
- 3 Framlegg til forskrift om minsteareal for tildeling av fellingsløyve på hjort i Fitjar kommune.